



Bibelkveldar Hausten 2023

*«Vi er et folk på vandring»
Fokus på Hebrearbrevet*

Denne hausten blir det bibelkveldar i **Bryne kyrkje** med fokus på Hebrearbrevet.

Me har sett av **tysdagane 17. og 31. oktober og 14. november** til dette.

Møtetida er **frå kl. 19.00 til 21.15**, med to innlegg kvar kveld og høve til å stilla spørsmål. Det blir kaffipause mellom innlegga.

Bibelkveldane blir arrangerte av Bryne kyrkjelyd.
Komité: Arne Berge, Ivar Johannessen, Jan Helge Stensland og Kjell Ragnar Thu.

«Vi er et folk på vandring» - Fokus på Hebrearbrevet

Brevet er truleg skrive til ei gruppe jødar som trur på Jesus. Mottakarane levde truleg i Roma på slutten av det første hundreåret. Gruppa har vore under internt og eksternt press. Då brevet blei skrive, var dei i ein vanskeleg tilstand. Dei var sløve, likesæle og mangla glød i trua. Dessutan var dei under sosialt, kulturelt og politisk press.

Dei hadde ein arv knytt til dei jødiske skriftene, men hadde brote med det tradisjonelle og hadde fått eit nytt haldepunkt; trua på Jesus Kristus. Dei er nå inne i ein identitetskrise. Det er inn i denne turbulensen Hebrearbrevet er skrive.

Brevet gir mottakarane eit pilegrimsperspektiv på livet som truande.
Me er på vandring mot eit evig mål.

Målsetting

Bibelkveldane vil fokusera på Hebrearbrevet ut frå ulike innfallsvinklar, til kunnskap, innsikt, ettertanke og engasjement.

Ulike vinklingar

Tysdag 17. oktober vil Jens Olav Mæland presentera bakgrunnen for og siktemålet med Hebrearbrevet.

Per Olav Egeland vil så gje oss innblikk i korleis Hebrearbrevet har sett spor i salme-skatten.

Tysdag 31. oktober vil Anna Rebecca Solevåg ta for seg emnet «Gud har talt gjennom Sonen». Guds son er unik, større enn englane og Moses. Guds folk har ei kvile i vente.

Arne Berge vil så gje oss eit innblikk i «Jesus, den store øvstepresten». Kva vil det seia at Jesus er øvsteprest? Kva kan «av same slag som Melkisedek» bety? Kva betyr dette for oss?

Desse vil stå for undervisinga:

Jens Olav Mæland, tidl. lærar ved Fjellhaug intern. høgskole og prest i DnK
Per Olav Egeland, kantor i Bryne kyrkje
Anna Rebecca Solevåg, professor i Det nye testamentet ved VID
Arne Berge, tidl. sokneprest i Bryne og Hinna
Ludvig Bjerkreim, tidl. prost i Sandnes
Solveig Braut Tjelle, diakon i Domkirken og St. Petri menighet
Øyvind Tjelle, rådgjevar, inkluderande kyrkjeliv i Stavanger bispedømme

Tysdag 14. november vil Ludvig Bjerkreim undervisa om temaet «Tøff kvardag med blikket festa på Jesus.» Om vokster i truslivet, trua sin opphavsmann og Guds leiing.

Solveig Braut Tjelle og Øyvind Tjelle avsluttar så bibelkveldane med temaet «Krafta i velsinginga». Hebrearbrevet sluttar med ei velsigning, og me kan dela Guds velsigning med kvarandre.

Me trur mange vil ha utbytte av desse kveldane og foreslår at bibelgrupper og foreiningar legg samlingane sine til bibelkveldane.

Program

Tid	Tema	Foredragshaldar
17. okt.	Hebrearbrevet	
	Bakgrunn og siktemål	Jens Olav Mæland
	Spor etter Hebrearbrevet i salmeskatten	Per Olav Egeland
31. okt.	Jesus i Hebrearbrevet	
	Gud har talt gjennom Sonen	Anna Rebecca Solevåg
	Jesus, den store øvstepresten	Arne Berge
14. nov.	Kva seier Hebrearbrevet om det kristne livet?	
	Tøff kvardag med blikket festa på Jesus	Ludvig Bjerkreim
	Krafta i velsinginga	Solveig Braut Tjelle og Øyvind Tjelle